



## Instruks for valkomite i Norske Landbrukstenester

### Valkomite

Alle val som vert gjort av årsmøtet skal førebuast av valkomiteen. Valkomiteen består av 3 personar, kvar valt for 3 år. Etter avslutta funksjonstid, kan eit medlem av valkomiteen ikkje veljast att i komande funksjonsperiode. Valkomite med eitt varamedlem skal veljast av årsmøtet. Den som har lengst valperiode fungerer som leiar av valkomiteen. (3. året)

### Mandat

Valkomite skal gjera innstilling til alle val på årsmøtet jf. vedtektene § 5, 8

- a) leiar for eitt år
- b) styremedlemmer for to år
- c) nestleiar for eitt år blant styremedlemmene
- d) tre varamedlemer til styret i nummerrekkefølge for eitt år
- e) møteleiar og varamøteleiar for neste årsmøte
- f) eit medlem i valkomite for tre år.
- g) varamedlem for valkomite for eitt år.

Valkomite innstiller på tilsetjing av revisor.

Valkomite føreslår godtgjersle til tillitsvalde, også reise- og diettgodtgjersle.

### Presentasjon

Valkomiteen si innstilling skal følgje innkalling til årsmøtet. Valkomiteen sin leier legg fram innstillinga for årsmøtet med presentasjon av kandidatane. Valkomiteen bør leggja fram ei samla innstilling til årsmøtet. Dersom det ikkje let seg gjera, legg valkomiteen fram delt innstilling; eit fleirtalsforslag og eit mindretalsforslag.

### Valkomiteen si arbeidsmåte:

- I. Administrasjonen i NLT gir valkomiteen orientering om tidspunkt for årsmøtet seinast i januar.
- II. Valkomiteen skal i god tid; seinast 4 veker før årsmøtet, senda skriftleg førespurnad til dei tillitsvalde som er på val om dei er villige til å stilla seg disponible for tillitsverv i organisasjonen.
- III. Positivt svar er utan binding om attval.
- IV. Alle kandidatar som valkomiteen ynskjer å føreslå, skal på førehand vera førespurde og ha gitt bekreftande svar om at dei er villige til å ta på seg vervet.
- V. Valkomiteen skal ta hensyn til kjønn, fag, personlege eigenskapar og geografi ved forslag av kandidatar.
- VI. Rett utvelgjing av tillitsvalte er viktig på både kort og lang sikt. Det er difor viktig at valkomiteen vurderer situasjonen i eit langsiktig perspektiv og har dette i tankane når innstilling til vala vert sett opp.
- VII. Administrasjonen i NLT skal kontaktast før arbeidet i valkomiteen tek til. Administrasjon står til disposisjon for valkomiteen i den utstrekning komiteen ynskjer det.
- VIII. Valkomiteen sitt arbeid er ikkje ferdig før dei har kandidatar til alle verv, jfr. vedtektene § 5.
- IX. Instruks for valkomiteen kan berre endrast av styret.

Vedteke i styremøte 20 - 21. august 2007